

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 4.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: ~~x~~ Hjelmeland.

Emne: Baking.

Bygdelag: Heile Hjelmeland.

Oppskr. av: Ånund Ramsfjell.

Gard:

(adresse): Hjelmeland.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Har spurt Ellen Erland f. 29/7, 1873. Husmo.

## SVAR

Ieldre tid var det berre bekkjekvernar dei mol kornet på og dei var det mange av her. Her er så mange bekkjer og småelvar. Sume gardar hadde ei åleine, andre var saman ~~xx~~ om ei. Det ~~x~~ er nå få att av desse kvernane, og dei som er att er til nedfals. Handkvern var også i bruk før, det fins ennå fleire ~~av~~ dei. Det siste dei vart brukt til var til maling av salt. Før mol dei både gryn mat- og krøtørmjøl på dei. Dei kunne måla både grovt og fint mjøl på dei.

Havre til flatbrød, bygg til graut og kaker, rug til syrekaker kaker og brød, som dei steikte i gråsteinsomnar. Desse omn~~zanz~~ane var dei stundom fleire saman om. Før kornet vart malt reinska dei det på den måten at dei kasta det, det kornet som då kom lengst vekk var det beste. Mjølet vart sikta dersom det var därleg malt, i sold eller sikt. Dei hadde ~~kri~~ tri slag sikt, finare og grovare. Det var heimelaga av sjå eller skind. Krøtøra fekk det dei sikta ifrå.

Nymalt mjøl var best å baka flatbrød av. Å varma mjølet før bakinga var uheldigt, skulle deigen halda måtte dei ikkje bruca varmt vatn heller. Mjølet hadde dei i løda for at det skulle halda seg kaldt. Dei er alltid minst to om flatbrødbakinga. Ei bakar føre (laga r emne) og kjevlar ut, den andre steikjer. Etter kvart som brødet vart steikt la dei det i ruer(ei). Var det därleg steikt, så la dei det

9027

Til kmk turk. Mannfolk måtte ofte vera med og knø. Sume kvinner var sers flinke til å baka, dei vart leigde av andre, både i eiga bygd og andre bygder.

Dei brødslaga som vart brukte var: syre- og eplekaka, flatbrød, krotakaka, grytekaka og vanleg brød. Alle desse brødslaga er i bruk ennå, men mykje mindre enn før. Nå kjøper folk mest alt omnesbrød. Brød eller kakeslag frå andre bygdelag som vart brukt her er: hardingkaka og nordlandslepsa. Det var øg og er vanleg å ha i huset brødmat og kaker av finare slag om det skulle koma uventa gjester, slik mat kalla dei framannmat, og det var helst lepsa, ofte oppskorne i firkanta stykke og steikte.


I flatbrødet ville sume ha havre, andre rug, og det var ofte skilnad på det husbandsfoiket og tenarane fekk.

Slik er det ikkje nå. Havre flatbrødet var av mjøl og vatn, stundom tilsett skumamjølk. Eit anna slag var poteter, havre og rug. Slike brød brukte dei til alle mål. For at lepsa skulle stå seg lenge kneka dei råmelk på lepsa. Skulle det koma framande var det godt å ha slik mat i huset. I deigen brukte dei surdeig. Kvar gong dei bakte tok dei av litt deig til neste baking. Det måtte bli gong i deigen. Gong er det same som gjer. Surdeigen vart bruk i syrekaka og grovbrød. Deigen var ikkje ferdig gjera før han var auka til det duble. Eller dei stakk eit hol i deigen, heldt ei brennande fyrstikkbort til, slokna den då var deigen takande. Ieldre tider baka dei så mykje til jul at det varde til påske. For at brødet skulle stå seg grov dei det ned i havrebingen. Nå brukast helst mjukt gjerbrød, før skulle det helst vera ein dag og to gamalt før dei åt det, det var drygare då. Brødet vart vett både før og etter steikinga, og det måtte avkjølast. Det vart steikt i steinomnar, i eldhus eller smier. Døra i ein slik pm var ei steinhedla.


Det var få omnar av dette slaget, derfor var fleire saman om ein. Finare brød vart steikt på ein times tid, grovare trond dubbel tid. Til grovt brød måtte det sterke varme til. Brød og syrekaka vart smurt inn med ei blanding av melk og egg før steikninga og vatn etterpå, for at skorpa skulle verta mjuk. Krota- og haringkaka vart bakt som flatbrød, m utkjøvla med krotakjøvle.

Hellekaka vart laga av vatn og mjøl, både den og syrekaka var rt klappa til med hendene. Pannekaka: mjøl og melk, steikte dei på omnen. Ho vart også kalla rennekaka fordi emnet var flytande og kunne ikke rennast or i låtet.

Vafler og gorokaker vart steikte i jern, ofte tilsett sørte krydder og karve.



Krota-kake-kjøvle.



Gråsteins bakkromm.